

Adressen til denne artikkelen er: <http://www.aftenposten.no/meninger/debatt/article2491846.ece>

**Aftenposten.no**

## Striden om stadnamna

I Aftenposten 8. juni blæs Botolv Helleland til strid mot eit eit framlegg som leiaren i Stortinget si familie- og kulturnemnd har send til kulturminister Trond Giske.

ODD GUNNAR SKAGESTAD, Oslo,

OsloFørst publisert: 17.06.08 | Oppdatert: 18.06.08 kl. 21:10

**Gardsnamn.** Framlegget er ei oppmoding om å endra stadnamnlova slik at grunneigarar får vetorett i skrivemåten av namnet på eigedomen.

## Nasjonal eigedom.

Helleland seier seg medviten om at for mange høyrest dette ut som eit rimeleg krav. Er ein eigar av eit gardsbruk, bør ein òg ha rett til å bestemma namn og skrivemåte på eigedomen. Men det syner seg at Helleland sitt ærend helst er å fremja det motsette synet - at skrivemåten av stadnamn er ei offentleg sak. Sjølv om mange av oss har eit gardsnamn som slektsnamn, og sjølv om mange ynskjer å ha råderett over namnet på eigedomen også i offentleg bruk, må stadnamna - slår han fast - forvaltast som ein nasjonal eigedom. Og Helleland gjer greie for kvifor det lyt vere slik:

"Gamle stadnamn er heller ikkje noko som ein legg ut på sal saman med den eigedomen som ber namnet. Det er ein del av kulturarven og eit fellesgode. Å sikra dette har vore eit hovudmotiv for lov om stadnamn." Dette omsynet inneber òg at det normalt ikkje bør vere meir enn ei offisiell skriftform av eit namn på ein og same staden.

## Namn på landet vårt.

Ei sak som Helleland ikkje nemner i kronikken sin, er at denne regelen i røynda også gjeld for det gjævaste av alle stadnamna våre - namnet på sjølve landet der me bur. For landet vårt har faktisk eitt - og berre eitt - offisielt namn: (Kongeriket) Norge, som det står skrive i Grunnlova.

Mange nynorskbrukarar har hatt ein tilhug til å nytta den private skriftforma Noreg, stundom jamvel i offentleg målbruk. Ein kan undrast kvifor, når me òg veit at denne namneforma ikkje finst i nokon norsk dialekt, og at ho knappast vert nytta i munnleg tale av nokon - korkje av nynorskbrukarar eller andre. Her vert det synda mykje, og den største syndaren er staten sjølv: Alt i 1951 fekk me dei fyrste frimerka med skriftforma Noreg (Arne Garborg i tre verdjar). Sidan har det kome mange fleire, og etter kvart dukka "Noreg" opp på pengesetlar, myntar, passbøker osb.

## Hat mot nynorsk.

Dette strir mot dei omsyna som stadnamnlova skulle verna om. Det er òg keisamt av di denne verksemda berre kveikjer opp under det aukande hatet mot nynorsken som me kan sjå så altfor tydeleg - ikkje berre hjå ungdomsskuleelevar i hovudstaden, men frå landsende til landsende.

Dette er ikkje berre keisamt, men òg sørgjeleg. Om nynorsken skal overleva, må kreftene setjast inn på arbeid med mål og meining (" . . . mot rikare mål å trå"), ikkje på å halda liv i ein uturvande språkstrid.

Alt innhold er [opphavsrettslig beskyttet](#). © Aftenposten.